



Arkivsaknr: 2024/5263-7
Sakshandsamar: Ingunn Øvretveit
Avdeling: Stab - Helse og omsorg

SAKSFRAMLEGG

Søknad om fornya salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 i tidsrommet 01.10.24 - 30.09.28 - NG Spar Vest AS - Spar Isdalstø

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for levekår	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. NG Spar Vest AS – org. nr 954946487 vert innvilga salsløyve for alkohol gruppe 1 i omsøkte lokalar – Spar Isdalstø, Lindåsvgen 145, 5908 Isdalstø
2. Løyvet vert gjeldande i perioden frå 01.10.24 – 30.09.28
3. Styrar for løyvet: Anita Nelson f. 16.03.87
Avløysar for løyvet: Elin- Merete Amble f. 14.07.68
4. Salstidene følgjer vedteken forskrift om sals-, skjenke- og opningstider for Alver kommune.
5. Løyvehavar pliktar å sende til Alver kommune oppgåve over faktisk omsett mengd alkohol innan 01. mars kvart år.
6. Løyvehavar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommunen som kan ha konsekvensar for dei vilkår som er sett i løyve.

Klagerett: Klagefrist er 3 veker etter mottatt melding om vedtak, jfr. Forvaltningslova § 29. Klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland. Klage skal sendast til Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for levekår

Saka gjeld

Søknad om fornying av salsløyve for alkoholhalig drikk gruppe 1 i perioden 2024- 2028

Bakgrunn

NG Spar Vest AS har i søknad datert 25.04.24 søkt om fornying av salsløyvet for alkoholhaldig drikk gruppe 1 i tidsrommet 01.10.24 – 30.09.28 i lokalene til Spar Isdalstø, Lindåsvegen 145, 5908 Isdalstø. Anita Nelson er styrar for salsløyvet og Elin Merete Amble er avløysar. Opningstida er frå kl. 06.00 til kl. 22.00 måndag - fredag. Laurdag frå kl. 08.00 til kl. 20.00

Vurdering

Alver kommune har løyveperiodar på inntil 4 år for sal og skjenking, med opphøyr seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltretr (Alkoholova §1- 6). NG Spar Vest AS søker løyve for ny periode.

Søknaden har vore til uttale hjå NAV Alver, politi og skatteetaten som ikkje har merknader til søknaden eller omsøkte personar.

Styrar og avløysar for salsløyvet har bestått kunnskapsprøven i samsvar med alkoholova §1-7 c.

Alkoholova §1- 7b - krav til vandel og alkoholova §1-7 a kommunens skjønnsutøvelse ved behandling av søknad, kommunen sin alkoholpolitiske plan og Alver kommunes kommuneplan samfunnsdel 2022-2034 er lagt til grunn i vurdering av søknaden.

Kommunedirektøren si tilråding

Søknaden vert tilrådd innvilga.